



Konfirmantane hadde ei aktiv rolle også i gudstenesta i dag

**Alle er like verdifulle sjølv om du er fattig eller rik.**

**Dette var eitt av svara frå konfirmantane då dei hadde ein generalprøve under gudstenesta i kyrkja i dag og vart spurde kva som er det viktigaste dei har lært i konfirmanttida. Eit anna svar på dette spørsmålet var at dei har lært å stola på seg sjølve.**

**På eit spørsmål om korleis Bibelen seier me skal oppføra oss overfor våre medmenneskje var svaret at me skal respektere og vera rettferdige mot dei og gjera mot andre det vi vil andre skal gjera mot oss. Konfirmasjonen finn stad kommande sundag og det er 11 konfirmantar i bygda denne gongen.**

På eit spørsmål om kva konfirmanten tenkjer om Jesus og det han har gjort var svaret dette:

- Eg tenker det han har gjort er modigt, men at noko verkar utruleg. Alle undere kan vere vanskelege å tru på. Om det er sant det han har gjort synest eg han har gjort mykje bra for folket og vist kva livet handlar om.

Også denne helga var det dåp i kyrkja og konfirmantane var med i gudstenesta på ymse vis. Klokkarfunksjonen var det den nye kyrkjevevjen Erlingur Nielsson som hadde ettersom den faste klokkaren hadde forfall. Han akkompagnerte også sokneprest Lina Håland på gitar då ho song 'Hvilken venn jeg har i Jesus' og seier til uskedalen.no at han meir enn gjerne stillar opp når det er trong for vikarhjelp. Han har då også ein lang praksis frå heimlandet Island i slike samanhengar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Kyrkjevevjen og soknepresten spela og song i dag